



**Skjåk kommune**  
**Plan, samfunn og miljø**

Petter Gjerdet

2693 NORDBERG

**Delegert vedtak**

Vår ref  
2013/23/9/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Tor Taraldsrud  
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato  
07.02.2013

**Saka gjeld: Søknad snøscooter til gjetarbuene ved Kvannåtjønn (RNP) og i Jøingsdalen (OLVO) - Petter Gjerdet**

*SØKNAD OM LØYVE TIL OG KØYRE SNOGSCOOTER – 2013-2017*

*Søker med dette om å få køyre salt og ved, samt diverse utstyr til vedlikehold av gjetarbuane på Kvannåtjønne og i Jøingsdalen.*

*Søknaden er i samband med jordbruksnæringa, da for ettersyn og forebyggje komande beitesesong.*

*Håpar at søknaden blir imøtekommen.*

*Nordberg, 09.01.2013.*

*Petter Gjerdet*

Det blir søkt om å nytte snøscooter til landbruksformål for køyring av salt, ved og diverse utstyr til vedlikehald av beitebuene ved Kvannåtjønn og i Jøingsdalen.

**Vurdering**

Gjerdet driv med sau og har behov for å frakte salt og utstyr til beitebuene som han har ved Kvannåtjønn i Reinheimen nasjonalpark (NP) og i Jøingsdalen i Ottadalen landskapsvernområde (LVO)..

Køyringa vil foregå på Skjåk Almenning sin grunn og i verneområda Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde. Det er dokumentert eit klart behov og Gjerdet har drive med sau i over 20 år i same området. Beiting er viktig i området for å halde vedlike landskapet. Nå er søkaren ein av svært få som har beitedyr i vestre delar av Reinheimen i Skjåk. Det er vanskeleg å kombinere transporten med andre da det dreier seg om 1 tur og eit lass. Søkaren har gjort same

Postadresse  
2690 Skjåk  
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside  
www.skjaak.kommune.no

Telefon  
61217000  
Telefaks  
61217001

Bank  
2085.07.40004  
Org.nr  
961381096

turen kvar vinter i 25 år og det er ikkje påvist skade på naturmiljøet. Det er praktisk for han å kunne bruke eigen scooter sidan han ligg i beitebuene under turen for større eller mindre vedlikehald.

### **Motorferdsel:**

Køringa har heimel i motorferdsellova § 4 c).

*c) nødvendig person- og godstransport til og fra faste bosteder og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og børsanking reknes ikke som næring i denne forbindelse.*

Det trengst dispensasjon frå forskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt. 6.3:

*Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

*b) Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og*

*hytter, utkøyring av båt.*

*d) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.*

Det trengst dispensasjon frå forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3:

*Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

*b) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og*

*hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.*

*c) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.*

Forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark gir følgjande utdjupning av verneforskriftene:

- *Løyve etter søknad §3, pkt. 6.3 b –h.  
Køyring av ved, materialar , varer ----- til buer og hytter ----- skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar.  
Det kan gjevast løyve for inntil 5 år.*
- *Saltstein §3, pkt. 6.3.d.  
Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt gjelde berre for det enkelte beitelag. Det skal nyttast leigekøyrar ved transporten.*

#### For Ottadalen landskapsvernområde:

- *Løyve etter søknad §3, pkt. 5.3, a-f.  
Det kan gjevast løyve for motorferdsel for vedlikehald----. Motorferdsel i samband med løyve etter verneforskrifta §3, pkt. 5.3. skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar.  
Det kan gjevast løyve for inntil 5 år.*
- *Saltstein §3, pkt. 5.3.b.  
Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt gjelde berre for det enkelte beitelag. Det skal nyttast leigekøyrar ved transporten.*

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

**§ 8 - kunnskapsgrunnlaget:** På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

**§ 9 - føre-var prinsippet:** Det er ikkje sannsynleg at tiltaka det her er søkt om vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Reinheimen NP er viktige leveområde for villrein i Ottadalen året rundt. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum. Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Transport på snødekt mark med snøscooter vurderast å vere miljøforsvarlig.

#### Konklusjon:

1. Søkaren driv med sau som næring og garden har nytta området til beiting svært langt attende. Det er såleis vidareføring både som næring og ein viktig tradisjon i området som også forskriftene opnar for.
2. Dette er eit årleg tiltak som har pågått lenge utan påvist skade på natur.
3. Det er ikkje beitelag i området grunna lite beiting, men søkaren har dokumentert eit behov.
4. Tiltaket omfattar rein nyttekøyring som ikkje har ført til påviseleg skade på natur og miljø og er vanskeleg å dekke på annan måte. Beiting i området er ynskt av forvaltningsmyndet.
5. Av praktiske grunnar vil køyringa best kunne dekkast av tiltakshavar sjølv sidan han har behov for å overnatte under turen.

#### Vedtak:

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Petter Gjerdet løyve til å frakte ved, salt og utstyr til beitebuene ved Kvannåtjønn i Reinheimen nasjonalpark og i Jøingsdalen i Ottadalen landskapsvernområde. Løyvet blir gjeve med heimel i:

*Motorferdsselforskrifta § 4c)*  
*Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 6.3. b) og d)*  
*Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3. b) og c)*

#### Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Det blir gjeve løyve til 1 tur, med eigen snøscooter for åra 2013, 2014, 2015, 2016 og 2017.
2. Transporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
3. Køyringa skal gjennomførast innan 20. april kvart år. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
4. Motorferdsla skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen tlf. 97057213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
5. Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni kvart år.
6. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
7. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente dette.

Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud  
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN  
FM Oppland  
KUR  
Lesja kommune  
Lom kommune  
Norrdal kommune

Rauma kommune  
Vågå kommune  
SNO-Skjåk  
SNO-Åndalsnes  
Skjåk Almenning